



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Referat frå styremøte i Surnadal IL

Tid: Måndag 21. september 2015 kl. 19.00-21.00.
Neste møte: Måndag 19.10. kl. 19.00.
Stad: Syltøran
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Ola Mogstad
Einar Bergheim
Vidar Ulvestad
Svein Dalen
Arne Øie
Erling Fiske
Stian Faksnes
Øystein Hjelle Bondhus
Ellbjørg Haugen Larsen

Forfall: Ingen.

Sakliste:

Sak 24/15 Godkjenning av referat frå styremøtet 27. april

Referatet er godkjent, ein merknad:

- Skal vi ha ein god prosess er det for tidleg å vedta organisasjonsplan i oktober, som først foreslått.

Sak 25/15 Rekneskap per 31.8.2015

- Gjennomgang av rekneskap per 31.8.2015

Rekneskapen vart gjennomgått, styret tek den til etterretning.

Mobilretur kjem som ei ekstraintekt. Komité: Ein representant frå fotballgruppa, ein frå alpint og dagleg leiar.

- Likviditetsbudsjett

Likviditetsbudsjettet vart gjennomgått og styret tek det til etterretning.

- Budsjettprosess 2016

- Frist for innlevering av budsjett for gruppene: 15.11.2015.

- Dagleg leiar sørgjer for at gruppene får det dei treng av informasjon.



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Sak 26/15 Revisjon eller ikkje

Vi forhører oss om det er lov at revisorar er kontrollkomitemedlemmar og om dette er ein god idé.

Dagleg leiar sender e-post til gruppene med e-postadressene til kontrollkomiteen.

Forslag: **Med forbehold om vedtak på ekstraordinært møte, og positiv avklaring på at avtalen med Nordmøre Revisjon er oppsigbar foreslår vi følgende til det ekstraordinære årsmøtet:** *Surnadal IL avviklar samarbeidet med Nordmøre Revisjon inntil vi eventuelt passerer grensa på 5 millionar kroner. Vi utfordrar vår eigen kontrollkomité til å ta stikkprøvar, og ber samtidig rekneskapsførar om å ha eit skjerpå blikk på rutinane i laget.*

Sak 27/15 Status gruppene

Alpint: Startar med innetrening rett etter haustferien. Har vore på tur til Juvass skisenter med 18 deltakarar.

Langrenn: Har hatt fellestreningar frå mai/juni og til august, ny plan no. Startar innandørstrening etter haustferien. Lokal treningsamling siste helga i haustferien. Snøsamling i Bruksvallarna i slutten av november. Midt-Norsk Mesterskap 30.-31. januar 2016.

Handball: Trenar for fullt, stiller nyoppstarta damelag. Gutesida er dessverre svak på grunn av lite spelarar. Opplever utfordringar med at handballforbundet har innført nytt datasystem, som per no ikkje fungerer optimalt. Sesongen startar etter haustferien. Har eit velfungerande styre og bra med trenarar til alle lag. Hadde ei fin helg i august med turnering til inntekt for demensturneringa.

Allidrett: Friidretten har hatt trenarkurs mynta på småbarn, fekk rekruttert slik at det jamt er 10-15 på trening, og gruppa opplever at vaksne deltek meir under treningane. Fire utøvarar vart uttekne til Midt-Norsk Mesterskap, der det mellom anna vart sett eit par klubbrekordar. Korleis kan vi få fortgang på prosessane med oppussing av garderober og bygging av utstyrsbygg ute? Øystein, Ola, Einar og Stian møtast og planlegg vidare framdrift.

Fotball: Sesongen går mot slutten og fotballgruppa er i full gang med å planlegge 2016. Åtte lag på Norway Cup, aldri vore så mange utøvarar, aldri gjort det så bra før.



Surnadal Idrettslag

***Postboks 1
6656 Surnadal***

Sak 28/15 Orienteringssaker

- Status Idrettsvekst AS v/Ola

Selskapet vart avvikla utan dramatikk på generalforsamling i juni.

- Status Surnadal Alpinsenter AS v/Ola

Ola orienterer om status i Surnadal Alpinsenter AS.

Sak 28/15 Open post

Fullbooka idrettshall søndagar

Handballgruppa peikar på at det at hallen er så mykje opptatt gjev store utfordringar. Både barneidrett (12.00-14.00) og innebandy (13.30-16.00) brukar hallen på søndagar, noko som gjer det vanskeleg å arrangere meir enn ein handballkamp desse dagane. Det gjer at det både blir meir utfordrande og mindre lønnsomme arrangement for handballgruppa, som ønskjer at dette vert planlagt betre neste år.

Ekstraordinært årsmøte

SIL må ha ekstraordinært årsmøte for å få av garde søknad om å få spelemidlar til ei målbu vi skal bygge i Sæterlia. Vi har søkt kommunen om å få idrettsfunksjonell godkjenning, og skal søke om spelemidlar til anlegg. I søknaden må det ligge føre eit årsmøtevedtak på at vi skal bygge. Idrettslaget står som utbygger. På eit ekstraordinært årsmøte kan det og vere aktuelt å sette opp utmelding av triatlonforbundet som sak.

Vedtak: SIL arrangerer ekstraordinært årsmøte 16.11. kl. 19.00.